

Eit dekke for Fraxinus exelsior

Cathrine Yksnøy

I det gamle tunet står tuntreet. Det har verna mot ulukke i mange år no. Tidlegare trona tuntre over dei første som rydda garden, der dei vart lagt til kvile i ættehaugen. Treet hadde så i oppgåve å vakte over etterkommarane; både folk og gard. Dei som heldt gardsarven i hevd ofra ærbødig året sitt fyrste ølbeger og mat til det, og sørga varsamt for at treet ikkje vart skada med skarpe reiskap. Det måtte kunne halde på magien sin.

Den rause aska i tunet mitt har halde tilsyn i nærare 150 år. Slik som det gamle norrøne Verdstreet er ei ask som strekkjer seg heilt opp i himmelen medan det famnar heile verda med røtene sine slik at alle gudane kan møtes til rådslag under greinene, har fleire generasjonar samlast under asketreet her i tunet. Her har dei samtala seg for å dele gleder og sorger, dei har kvilt seg under det på lange dagar med arbeid, dei har henta mat til dyra frå det og dei har kjend seg trygge på kva det staute treet har representert.

Men kva når stabiliteten i det vesle miljøet kring asketreet vert trua. Den storvaksne sterke aska som har halde jordsmonnet på plass på grunnfjellet og gåvmildt delt plassen i kruna til eit yrande fugleliv og myriadar av insekt, har som så mange andre asker no gitt stille tapt for sjukdommen som har breidd seg. Den har sleppt greinene sine og står for fall. Så gjennom å arbeide med kva dette asketreet etterlet seg av materiale undersøker eg mogleighetsrommet som ligg i dette, og undrar over kva potensiale prosessane ber med seg inn i mi tekstile verd. Gjennom ei utforsking av balanse, motstandskraft og opphav får aska sine ulike element leve vidare i fargane som oppstår i kvardagsalkymien ved fargegrytene, og historiene vevast vidare inn i ei ny tid gjennom trådane si vandring i flatene.

Om det skal leggst inn noko konkret om oss er eg tekstilkunstnar, kunsthandverkar og høgskulelektor innan Design, kunst og handverk.

Link til kunstnarsider om det er relevant:

<https://cathrineyksnoy.com/>

<https://www.norskekunsthandverkere.no/kunstnerregister/cathrine-yksnoy>